

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/2141-3

Søknad om endring av ruteplan - Fjordekspresen

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Søknaden frå Firda Billag Buss AS om å innstille avgangen frå Førde kl. 05.15 og frå Bergen kl. 10.20 Dx67, samt frå Førde kl. 20.15 fredag og søndag vert imøtekomen.

Vedlegg: Inngåande brev frå Firda Billag Buss av 7.3.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Firda Billag Buss søker i brev av 7. mars 2014 om å innstille avgangen frå Førde kl. 05.15, Dx67 og returen frå Bergen kl. 10.20, Dx67, samt avgangen frå Førde kl. 20.15 fredag og søndag. Alt med verknad frå 1. mai 2014.

Billaget grunnjev søknaden med at det er økonomiske tap på ein del ruter på grunn av låge passasjertal.

2. Rutetilbodet i dag

Alle rutene som går mellom Førde og Bergen er kommersielle. Nokre går kun mellom Førde og Bergen, medan andre går vidare til Ålesund via Eid/Stryn og ein avgang til Trondheim.

Det går fleire avgangar mellom Førde og Bergen.

Frå Førde:	Frå Bergen:
Kl. 05.15, Dx67	Kl. 08.00, D
Kl. 08.45, Dx7	Kl. 10.20, Dx67
Kl. 09.20, 7	Kl. 12.20, D
Kl. 11.45, D	Kl. 14.20, D
Kl. 14.45, D	Kl. 16.20, D
Kl. 16.45, D	Kl. 20.00, D
Kl. 18.15, 5 og 7	
Kl. 20.15, 5 og 7	

Andre opplysningar

Ingen av desse avgangane har skulerutefunksjon i seg.

Søknaden om endra ruteplan er sendt på høyring til Hordaland fylkeskommune. Dei har ikkje merknader til søknaden.

3. Vurderingar og konsekvensar

Rettslege konsekvensar

I § 33 Nedleggelse av rutedrift står dette:

Vil en løyvehaver nedlegge driften av en eller flere ruter helt eller delvis må løyvemyndigheten gis 2 måneders skriftlig varsel. Løyvehaver kan ikke innstille driften av noen ruter på kortere varsel uten løyvemyndighetens samtykke.

Dersom en løyvehaver vil nedlegge driften av en eller flere ruter helt eller delvis, kan løyvemyndigheten når transporthensyn krever det, gi løyvehaver pålegg om å opprettholde driften av ruten ut over 2-månersfristen mot å holdes skadesløs for eventuelle underskudd på rutedriften som ikke dekkes av overskudd av andre ruter.

Administrasjonen vart kjent med planane til Firda Billag Buss på eit møte 5. mars. Billaget sende søknaden 7. mars, noko som er for seint i høve 2 månaders fristen og ny ruteperiode 1. mai. Firda Billag Buss har likevel teke ut avgangane frå ruteheftet som skal gjelde frå 1. mai 2014.

4. Konklusjon

Det går mange daglege avgangar mellom Førde og Bergen. Fylkesdirektøren har forståing for at Firda Billag Buss ønskjer å tilpasse seg marknaden og gjere endringar i tilbodet når det er avgangar med dårleg inntening.

Fylkesdirektøren meiner det er uheldig at selskapa ikkje overheld to månaders fristen og at dei i tillegg gjer endringar i ruteheftet før endringa er kjent for fylkeskommunen.